



Kjemiprosessfaget

Generelle vurderingskriterium og kjenneteikn på måloppnåing

Planleggingsdel			
Karakterskala	Bestått mykje godt	Bestått	Ikkje bestått
Vurderingskriterium	Svært tilfredstillande måloppnåing i faget	Tilfredstillande og middels god måloppnåing i faget	Liten eller ingen måloppnåing i faget.
Framdriftsplan	Planlegginga er godt gjennomarbeidd og alle relevante forhold er tekne med Framdriftsplanen er realistisk og godt tidfesta	Planlegginga er utarbeidd og ein del relevante forhold er tekne med. Har framdriftsplan utan tidsrammer	Planlegginga er uklår og mangelfull. Manglar framdriftsplan
Materialval	Vurdering av materialar og gjer val og berekning i høve til produksjonsordre. Legg inn rett resept i høve til produksjonen og vurderer om resepten er rett.	Vurdering av materialar og gjer val og berekning i høve til produksjonsordre. Legg inn rett resept i høve til produksjonen.	Manglande val i høve til materialar, arbeidsmetode.
Verkty og utstyr	Har teke med verkty og utstyr.	Har teke med verkty og utstyr.	Manglande val i høve til verkty.
HMS	Forhold til gjeldande regelverk for HMS er teke med og dokumentert i planlegginga	Omsyn til HMS er ivareteke	Nødvendige omsyn til HMS er utelatne.
Teikningar og flytskjema	Har med relevante teikningar og flytskjema	Teikningar og flytskjema er mangelfulle.	Manglar teikningar og flytskjema
Beskriving av prøveområdet	Beskriv prøveområde og arbeidet som skal utførast på ein sikker og detaljert måte	Mangelfull beskriving av prøveområde	Kan ikkje beskrive prøveområde.



Gjennomføringsdel			
Karakterskala	Bestått mykje godt	Bestått	Ikkje bestått
Vurderingskriterium	Svært tilfredstillande måloppnåing i faget	Tilfredstillande og middels god måloppnåing i faget	Liten eller ingen måloppnåing i faget.
Klargjere produksjonen	Klargjer produksjonen og utstyret på ein sikker måte og samsvar med utarbeidde planar.	Klargjer produksjonen og utstyret på ein sikker måte og samsvar med utarbeidde planar.	Klargjer til produksjon utanom gjeldande rutinar og utarbeidde planar.
Starte opp produksjonen	Startar opp produksjonen. Kan forklare oppstarten på ein overtydande måte som viser stor tryggleik i faget.	Starte opp produksjonen eller gje ei tilfredstillande forklaring på oppstarten.	Er veldig usikker med oppstart av produksjon. Har vanskar med å forklare oppstart av produksjon.
Optimalisere produksjonen	Optimalisere produksjonen og bruke styresystem på ein sikker måte.	Vise eller forklare korleis ein kan optimalisere produksjonen.	Kan ikkje vise eller forklare optimalisering av prosessen.
Tilhøyrande produksjonsutstyr og materiell.	Brukar tilhøyrande produksjonsutstyr og materiell på ein overtydande måte..	Kan bruke tilhøyrande produksjonsutstyr og materiell.	Er usikker på handtering av tilhøyrande produksjonsutstyr og materiell
Utføring av kvalitets-testar og justering av produksjonen.	Viser gode evner til å utføre kvalitetstestar og gjennomføre justeringar av produksjonen	Kan utføre ein kvalitetstest og justere produksjonen.	Kan ikkje utføre og / eller justere produksjonen.
HMS-instruks	Utfører arbeidet i tråd med gjeldande HMS instruks	Brukar bedrifta sitt HMS-system.	Brot og / eller manglande kunnskap om HMS-rutinar i bedrifta
Ned-køyring av produksjonen	Kan utføre ned-køyring av produksjonen på ein trygg måte og i samsvar med gjeldande instruksar.	Kan utføre ned-køyring av produksjonen på ein trygg måte og i samsvar med gjeldande instruksar.	Kan ikkje utføre ned-køyring av produksjonen på ein trygg måte og i samsvar med gjeldande instruksar
Handsaming av avfall og biprodukt.	Kan handsame avfall og biprodukt i tråd med bedrifta sine system og rutinar for dette og viser utvida forståing.	Handsamar avfall og biprodukt etter gjeldande rutinar.	Handsamar ikkje avfall og biprodukt etter gjeldande rutinar og instruks.
Førebyggjande vedlikehald og inspeksjonar.	Kan utføre førebyggjande vedlikehald og inspeksjonar.	Kan utføre førebyggjande vedlikehald, ta inspeksjonsrundar.	Mangelfulle kunnskapar om førebyggjande vedlikehald og inspeksjonsrundar.
Avviksrapportering	Rapportere om avvik etter gjeldande rutinar og regelverk i bedrifta	Rapportere om avvik etter gjeldande rutinar og regelverk i bedrifta	Manglande rapportering om avvik etter gjeldande rutinar og regelverk i bedrifta
Samarbeid og kommunikasjon	Kan samarbeide og kommunisere på ein god måte med andre som arbeider i produksjonen.	Samarbeider med andre når det er behov	Arbeider dårleg i saman med andre
Forbetrande tiltak	Kan føreslå forbetrande tiltak i prosessen i tråd med gjeldande kvalitetssystem.		



Eigenvurdering			
Karakterskala	Bestått mykje godt	Bestått	Ikkje bestått
Vurderingskriterium	Svært tilfredstillande måloppnåing i faget	Tilfredstillande og middels god måloppnåing i faget	Liten eller ingen måloppnåing i faget.
Eigenvurdering av prøvearbeidet	Har føreteke ei eigenvurdering av prøvearbeidet og viser god innsikt i faget. Viser god evne til refleksjon omkring eige arbeid.	Har føreteke ei eigenvurdering av prøvearbeidet. Kan reflekter omkring eige arbeid.	Eigenvurdering av prøvearbeidet er mangelfull eller manglar. Dårleg eller manglande reflektering omkring eige arbeid.
Eigenvurdering av gjennomføring av planen	Har gode og utfyllande grunngevingar for korleis planen var følgd, kva som gjekk bra og kva som ikkje gjekk så bra.	Kan forklare eige prøvearbeid etter som det gjekk fram og gjennomføring i forhold til utarbeidde planar.	Manglar forklaring på korleis prøvearbeidet vart gjennomført og i forhold til dei planane som vart utarbeidde
Endringar under gjennomføringa	Forklare og grunnje endringar som vart gjort under gjennomføringa.	Forklare endringar som vart gjort undervegs.	Manglar forklaring av endringar som vart gjort undervegs.
Etiske retningslinjer og gjeldande retningslinjer.	Kan gjere greie for etiske retningslinjer og gjeldande informasjons- og avgjerdssystem som bedrifta har.	Kjenner til bedrifta sine etiske retningslinjer og informasjonssystem.	Kjenner ikkje til om bedrifta har etiske retningslinjer eller informasjonssystem.



Dokumentasjon			
Karakterskala	Bestått mykje godt	Bestått	Ikkje bestått
Vurderingskriterium	Svært tilfredstillande måloppnåing i faget	Tilfredstillande og middels god måloppnåing i faget	Liten eller ingen måloppnåing i faget.
Framdriftsplan	Dokumentere og forklare avvik i høve til framdriftsplan.	Dokumentere avvik i høve til framdriftsplan.	Manglande dokumentasjon i høve til framdriftsplan.
Produktdata / prosessdata	Registrere og dokumentere produktdata / prosessdata og forstå konsekvensane ved feil registrering	Registrere og dokumentere produktdata og prosessdata.	Manglande produktdata og prosessdata.
Produksjonsprosessen	Dokumenterer produksjonsprosessen i tråd med bedrifta sine prosedyrar.	Dokumenterer produksjonsprosessen i tråd med bedrifta sine prosedyrar.	Manglande dokumentasjon av produksjonsprosessen.
Avviksrapportering	Registrere og dokumentere avvik i produksjonen og ha ein utvida forståing for korrigering og konsekvens.	Registrere og dokumentere avvik i produksjonen.	Manglande registrering og dokumentasjon av avvik i produksjonen.
HMS-instruks	Dokumentere avvik i høve til HMS -instruks. Kome med framlegg om korrigerande tiltak.	Dokumentere avvik i høve til HMS -instruks.	Manglande dokumentasjon av avvik i høve til HMS-instruks.